



## Notat

Dato: 29.05.2015  
Arkivsak: 2015/5427-2  
Saksbehandlar: bjomidt

---

<b>Til:</b>	Fylkesutvalet
<b>Frå:</b>	Fylkesrådmannen

---

### Elbil i sambruksfelt og kollektivfelt

#### Spørsmål

I samband med at fylkesutvalet 23.4.2015 handsama RS 63/15 «Elbiler i kollektivfelt og samkjøringsfelt», brev frå Samferdselsdepartementet til Vegdirektoratet frå 3.2.2015, spurde Silje Hjemdal (Frp) om fylkeskommunen har gitt tilbakemelding innan fristen 1.april. Fylkesordføraren svarte at det truleg ikkje er gitt tilbakemelding, men dette vil verta sjekka. Hjemdal bad om å få referat frå møtet i Samferdselsdepartementet.

#### Svar frå fylkesrådmannen

Brevet som det er referert til er berre stila til Vegdirektoratet. Samferdselsdepartementet skriv i brevet:

*«I møtet 18. desember var det enighet om at kollektivtrafikken skal prioriteres i kollektivfeltene. Vi ber Vegdirektoratet sørge for at kollektivtrafikken får den nødvendige prioritering. Dette skal gjøres i samråd med vedrørende fylkeskommune/kommune.»*

Samferdselsdepartementet bad ikkje om direkte tilbakemelding frå fylkeskommunane og kommunane. Slik tilbakemelding er heller ikkje gjeve frå Hordaland fylkeskommune.

Vegdirektoratet har i brev frå 5.5.2015 (vedlegg 1) gjeve tilbakemelding på brevet frå Samferdselsdepartementet. Vegdirektoratet tilrår:

*«på det nåværende tidspunkt ikke å fjerne elbiler fra alle kollektivfelt ved endring av trafikkreglene. Vi mener det er av verdi å beholde denne fordelene for elbiler lengst mulig og utnytte kapasiteten i kollektivfeltene så lenge det ikke går på bekostning av femkommeligheten for kollektivtrafikken.»*

Vidare tilrår Vegdirektoratet at:

- Det vert etablert ei forsøksordning med å krevja passasjer i elbilar i aktuelle kollektivfelt.
- Lokal utfasing av elbilane frå kollektivfelt bør vera ei prinsipløysing der forseinkingane for kollektivtrafikken er betydelege.
- Det førebels ikkje vert mogleg å etablere eit midtre «samkjøringsfelt» på vegar med tre felt i same retning, men at dette må utgreiast vidare.

Samferdselsdepartementet opplyser i epost frå 28.5.2015 om at det ikkje vart skrive referat frå møtet som vart halde 18.12.2014.

Vedlegg: Brev frå Vegdirektoratet til Samferdselsdepartementet frå 5.5.2015